



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 14.06.2021
Møtestad: Kommunestyresalen, Heradshuset
Møtetid: 12:30 - 15:00

Møtedeltakarar:

| Medlemmer | Parti | Rolle |
|--------------------------------|-------|-------------|
| Heidi Rongved | AP | Utvalsleiar |
| Agnar Sellevold | | Nestleiar |
| Mona Grenasberg | SV | Medlem |
| Ragnhild Margrethe Falch Vatle | | Medlem |
| Anna Bruvik | | Medlem |

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef helse og omsorg.
Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik var til stades og orienterte i sak 02/2021.
Mona Mekki og Anita L. Sævild, prosjektleiar og -medarbeidar i prosjekt Digital innbyggjarvegledning, var til stades og orienterte i sak 07/2021.

Saksliste

| SAKSNR | TITTEL |
|---------|--|
| 01/2021 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 02/2021 | DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR |
| 03/2021 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL |
| 04/2021 | REFERATSAKER OG MELDINGAR |
| 05/2021 | ÅRSMELDING 2020 VAKSDAL ELDRERÅD |
| 06/2021 | STORTINGSVALET 2021 - UTSENDING AV SMS |
| 07/2021 | DIGITAL INNBYGGJARVEGLEIING - DRØFTINGSSAK |



08/2021 LEVE HEILE LIVET OG ALDERSVENLEG SAMFUNN - VIDARE PROSESS

01/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 14.06.2021

Behandling:

ELD - sak 01/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2021: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Eldrerådet 14.06.2021

Behandling:

Agnar Sellevold orienterte om tilrettelegging av turstiar og utplassering av benkar.

Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om status for helsebygg på Jamnetomta.

Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik orienterte om flytting frå Jamnetunet og butilbod i byggjeperioden. Einingsleiareren orienterte også om status for uskrivingsklare pasientar.

ELD - sak 02/2021 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teken til orientering, og Eldrerådet stiller spørsmål til kommunestyret om kommunen kan bistå slik at dei bebuarane som fekk stor auke i husleiga ved flytting frå Jamnetunet, får redusert husleiga.

03/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL



Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Eldrerådet 14.06.2021

Behandling:

ELD - sak 03/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

04/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Eldrerådet 14.06.2021

Behandling:

ELD - sak 04/2021 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tekne til orientering.

05/2021: ÅRSMELDING 2020 VAKSDAL ELDRERÅD

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

Eldrerådet 14.06.2021

Behandling:

ELD - sak 05/2021 Vedtak/Tilråding:



Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

06/2021: STORTINGSVALET 2021 - UTSENDING AV SMS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rådet tek saka til orientering

Eldrerådet 14.06.2021

Behandling:

ELD - sak 06/2021 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek saka til orientering og ber om at innbyggjarar i kommunen født i 1946 og tidlegare også får informasjon tilsendt pr. brev.

07/2021: DIGITAL INNBYGGJARVEGLEIING - DRØFTINGSSAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet har følgjande innspel til prosjektet:

Eldrerådet 14.06.2021

Behandling:

Prosjektleiar Mona Mekki og prosjektdeltakar Anita L. Sævild frå prosjekt Digital innbyggjarvegleiing orienterte om prosjektet og tok i mot innspel frå Eldrerådet.

ELD - sak 07/2021 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet har følgjande innspel til prosjektet: Det er positivt at det er planlagt ulike tiltak, og det er viktig med sosial arena. Lokalavisa kan brukast for å informera, og pensjonistforeningane og Ungdomsrådet bør involverast.

08/2021: LEVE HEILE LIVET OG ALDERSVENLEG SAMFUNN - VIDARE PROSESS



Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet har følgjande innspel til vidare prosess for Leve heile livet og aldersvenleg samfunn:

Eldrerådet 14.06.2021

Behandling:

ELD - sak 08/2021 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet har følgjande innspel til vidare prosess for Leve heile livet og aldersvenleg samfunn:

Eldrerådet ønskjer å arrangera felles møte med 2-3 representantar frå pensjonistforeningane etter valet i september. Administrasjonen i kommunen, frivilligsentralen og gruppeleiarane i dei politiske partia vert også inviterte.

Eventuelt:

- Pasientreiser: det vert køyrt på eksisterande avtale. Anbud er levert på pasientkøyring for innbyggjarar i Vaksdal kommune.
- Eldre heimebuande har stilt spørsmål til formulering i vedtak. Dette gjeld ei vanleg nytta formulering i denne typen vedtak. Brukarar som har spørsmål til vedtak, kan ta direkte kontakt med forvaltningskontoret, einingsleiar eller den aktuelle avdelinga.
- Det er meldt frå om vanskar med å komma inn og ut av Dale kyrkje for personar som nyttar ganghjelpemiddel eller rullestol. Eldrerådet ber Råd for menneske med nedsett funksjonsevne om å sjå på saka.
- Eldredagen 2021. Korleis kan denne arrangerast i tråd med smittesituasjon og smittevernrestriksjonar? Sekretær kallar i samråd med leiar inn til planleggingsmøte rett over ferien.